



# NOTAT

---

Sakshandsamar: Rune Totland

---

## **FREMDRIFTSPLAN UTBYGGINGSPROSJEKT**

Vedlagt er der ei foreløpig framdriftsplan for bustadfelt, samleveggar og flaumsikring. Det er eit levande dokument som avheng av ressurs situasjonen i teknisk sektor, så vel som kvafor prosjekt politikerne ønsker å prioritere.

Rekkjefølga på vedlagt framdriftsplan kan likevel i liten grad endrast, då der er rekkjefølge krav knytt mellom flaumsikring og byggefelt.

Framdriftsplanen er heller ikkje 100% komplett endå, sidan der er ei mengd med andre prosjekt som skal i verksetjast av teknisk sektor, slik at prioritering av ressursar avheng av framdrifta til prosjekt som ikkje er med på vedlagt liste.

Vedlagt framdriftsplan er beste moglege framdrift, og ho avheng av at kommunestyret vedtek tilsetjing av to ingeniørar i 3 års engasjement som foreslått i budsjettdokumentet.



### **Næringsområde Øvre Rotset**

Klart for anbod -teknisk prosjektering og anbodsinnhenting for opparbeiding av tekniske anlegg.

Skjønn for resterande del i april 2017.

Kan søkje løyve til å ta grunnen i bruk før skjønn.

totalramme på 14 mill. over perioden 2016-2018

### **Opprustning Raudemyrvegen til Samleveg**

Rekkefylgjekrav tilknytt reguleringsplan Håmyra og utbygging av ny samleveg over Håmyra. Varsla oppstart av planarbeid- reguleringsplan og detaljprosjektering gjennomført samla i 1 halvår 2017.

Oppstartstidspunkt avhengig av godkjent reguleringsplan, grunnavtalar ev. gjennomført skjøn/oreigning for sikring av grunn til vegutviding.

Tidlegaste muleg oppstart i 2018.

Strakstiltak i vegen med fartshumpar/oppheva fotgjengarfelt og fartsgrense 40km/t er/vert gjennomført før utbygging i Håmyra startar.

### **Samleveg Håmyra**

Ferdig reguleringsplan og detaljprosjektering. Utbyggingsavtale på plass og godkjent av k-styre. Bygging /innhenting av tilbod i kommunal regi.

Oppstart i februar/mars 2017. 600m veg m gs-veg

### **Opprustning Kleppevegen til Samleveg**

Rekkefylgjekrav tilknytt reguleringsplan Urbakkfoten og utbygging av ny samleveg over Håmyra/Urbakkfoten.

Varsla oppstart av planarbeid- reguleringsplan og detaljprosjektering gjennomført samla i 1 halvår 2017.

Oppstartstidspunkt avhengig av godkjent reguleringsplan, grunnavtalar ev. gjennomført skjøn/oreigning for sikring av grunn til vegutviding.

Tidlegaste muleg oppstart i 2019. Bør inn på økonomiplan fra 2019.

### **Flomsikring Volda sentrum Melshornsida**

Gjeld dimensjonering av avskjerande overvasskanal over Urbakkfoten og overføring av Orrgjølelva, samt grunnlag for sikringstiltak langs Gjølvelva frå Håmyra til utslepp i Øyraelva. Utarbeiding av dimensjoneringsgrunnlag er gjennomført.

Anbudsinnhenting vedkomande naudsynte tiltak i Gjølvelva og Heltneelva er sett i gang.

Når prosjekteringsarbeidet er ferdig og aktuelle sikringstiltak avklara , kan ein sjå på behov for sikring av grunn og eventuelle behov for plantiltak for å sikre grunn til sikringsarbeidet.

(Noko av dette kan kanskje gå parallelt med prosjekteringsfasen- kontakt/orientering mot grunneigarar m.m).

Oppstart av anleggstiltak tidlegast i 2018?

Må vere gjennomført før oppstart med avskjerande kanal ovanfor Urbakkfoten og overføring av vatn frå Orrgjølelva).

Avsette midlar i 2016 og 2017 treng såleis berre gjelde prosjekteringskostnader.

Utbyggingskostnader i 2018-19.

### **Samleveg Urbakkfoten**

Skal gjennomførast saman med utbygging av Urbakkfoten -bustadfelt, eller i forkant av dette.

Reguleringsplan med tilhøyrande detaljprosjektering til handsaming i k.styret i jan/febr.

2017. Grunnavtalar eventuelt skjønn må avklarast før utbygging kan starte. Grunnkjøp kan i

beste fall vere i gang i 2017. Opparbeiding etter anbudsrunde tidlegast med oppstart i 2018 og fullføring i 2019/20. Jf krav om framdrift i prosjekt - sikring av overvatn. Samlevegen ca 450m a - ca 15-20.mill. Av dette vil ca 10-mill vere direkte kostnad for kommunen medan resten kan fordelast på tomtekostnader.

### **Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra**

Reguleringsplan klar i jan. 2017. Kommunen eig grunnen i området.

Kan startast opp samtidig med Opparbeiding av Samleveg Urbakkfoten.

Tidlegaste muleg oppstart i 2018, etter utarbeiding av ferdige tekniske planar og anbudsrunde i 2017.

Jf krav om framdrift i prosjekt - sikring av overvatn før bustader i området kan takast i bruk.

### **Flomførebygging Heltneelva**

Dimensjoneringsgrunnlag for overvatn-handtering er på plass.

Tiltaka gjeld anbudsinnhenting vedkomande naudsynte tiltak i Heltneelva etter utbygging av Brattebergfeltet. Skjønsføresetnad i 1979 som ennå ikkje er gjennomført. Planar for sikring må oppdaterast ut frå nye dimensjoneringskrav og utvida planområde.

Når prosjekteringsarbeidet er ferdig og aktuelle sikringstiltak avklara, kan ein sjå på behov for sikring av grunn og eventuelle behov for plantiltak for å sikre grunnlag for gjennomføring. (Noko av dette kan kanskje gå parallelt med prosjekteringsfasen- kontakt/orientering mot grunneigarar m.m).

Oppstart av anleggstiltak tidlegast i 2018 ( ev. seint i 2019)

Må vere gjennomført før oppstart med avskjerande kanal ovanfor bustadfeltet B58 og Ottagarden i Bratteberg.

Avsette midlar i 2016 og 2017 treng såleis berre gjelde prosjekteringskostnader.

Utbyggingskostnader i 2018-20 - samla kostnad ikkje klart før prosjektering er ferdig og anbod innhenta.

### **Utbygging felt Bratteberg**

Gjeld felta B58 og Ottagarden.

Reguleringsplan for B58 er ferdig. Teknisk prosjektering og anbudsgrunnlag står att.

B58:

Området er i privat eige - innløysing/avtale om eventuell kommunal overtaking/utbygging må sikrast.

Tilrettelagt for i hovudsak einebustadtomter, pluss nokre mindre areal til konsentrert utbygging.

Små eksterne kostnader utan om overvass-tiltaka.

Ottagarden:

Reguleringsplan under avslutning. Planlagt konsentrert utbygging.

Kommunalt område.

Kan seljast/lysast ut for salg samla med krav om detaljreguleringsplan når reguleringsplan er godkjent.

Små eksterne kostnader utan om overvass-tiltaka.